

# Gloppen kontrollutval

SEKOM-sekretariat

# MØTEBOK

**Møtedato:** 16.09.2015

**Møtetid:**

Kl. 10:00 – 11:30

**Møtestad:** Gloppen heradshus,  
formannskapssalen

	<b>Faste medlemar</b>	<b>Møtte</b>	<b>Forfall</b>	<b>Merknader</b>
1	Bjarne Bø, leiar	X		
2	Hans Os, nestleiar	X		
3	Svein Helge Hovstad	X		
4	Irene Moen		X	
5	Tone Lise Jacobsen		X	
	<b>Varamedlemar</b>	<b>Møtte</b>	<b>Forfall</b>	<b>Merknader</b>
1	Vigdis Henden	X		
2	Karoline Bjerkeset		X	
3	Jenny Sorterup Hysing		X	
	<b>Andre som møtte</b>			
	SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme			
	Rådmannen v/helse- og omsorgssjef Anita Lote i sak 022/15 og organisasjonssjef Geir Liavåg Strand i sak 023/15			
	Kommunerevisjonen i Nordfjord v/Haldor Sunde i sakene 024, 025, 026/15			

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
020/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
021/15	Skriv og meldingar 4-2015
022/15	Rådmannen informerer om oppfølging av Fylkesmannen sin rapport - Samhandling om utskrivning av pasientar frå spesialhelsetenesta til kommunen
023/15	Rådmannen orienterer om tiltak som er sett i gang for å gjere kommunen mindre sårbar i høve handtering av budsjett og rekneskap
024/15	Orientering om rekneskapsrevisjon for 2015
025/15	Tinging av forvaltningsrevisjon: Samhandlingsreforma - erfaringar
026/15	Tinging av eigarskapskontroll
027/15	Reglement for høyringar i Gloppen kontrollutval
028/15	Budsjett for Gloppen kontrollutval 2016
029/15	Oppfølgingsliste 4-2015
030/15	Eventuelt

**Underskrifter:**

\_\_\_\_\_  
Bjarne Bø, leiar

\_\_\_\_\_  
Hans Os

\_\_\_\_\_  
Svein Helge Hovstad

\_\_\_\_\_  
Vigdis Henden

---

SEKOM-sekretariat  
v/Audhild Ragni Vie Alme

---

## **020/15: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Tilråding:**

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### **Handsaming i Gloppen kontrollutval 16.09.2015:**

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

### **GLO-020/15 Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

---

## **021/15: Skriv og meldingar 4-2015**

### **Tilråding:**

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

### **Handsaming i Gloppen kontrollutval 16.09.2015:**

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

### **GLO-021/15 Vedtak:**

Skriv og meldingar vert tekne til orientering

---

## **022/15: Rådmannen informerer om oppfølging av Fylkesmannen sin rapport - Samhandling om utskriving av pasientar frå spesialhelsetenesta til kommunen**

### **Tilråding frå SEKOM-sekretariat:**

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Kontrollutvalet tek rådmannen sin informasjon om oppfølging etter Fylkesmannen sin rapport – Samhandling om utskriving av pasientar frå spesialhelsetenesta til kommunen, til orientering.

### **Handsaming i Gloppen kontrollutval 16.09.2015:**

Rådmannen v/ helse- og omsorgssjef Anita Lote møtte og gjekk gjennom Fylkesmannen sin rapport – Samhandling om utskriving av pasientar frå spesialhelsetenesta til kommunen. Det vart ikkje funne avvik eller gitt merknader i rapporten, men Gloppen kommune har fått tips om kva som kan gjerast betre. Helse- og omsorgssjefen informerte om korleis dette vert følgt opp i Gloppen kommune.

**Tilrådinga vart samrøystes vedteke.**

### **GLO-022/15 Vedtak:**

Kontrollutvalet tek rådmannen sin informasjon om oppfølging etter Fylkesmannen sin rapport – Samhandling om utskriving av pasientar frå spesialhelsetenesta til kommunen, til orientering.

---

## **023/15: Rådmannen orienterer om tiltak som er sett i gang for å gjere kommunen mindre sårbar i høve handtering av budsjett og rekneskap**

### **Tilråding frå SEKOM-sekretariat:**

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Kontrollutvalet tek orienteringa frå rådmannen om tiltak som er sett i gang for å gjere kommunen mindre sårbar i høve handtering av budsjett og rekneskap, til vitande.

### **Handsaming i Gloppen kontrollutval 16.09.2015:**

Rådmannen v/organisasjonssjef Geir Liavåg Strand møtte i saka og orienterte om korleis stoda er ved økonomikontoret i høve personell og arbeidsoppgåver.

**Tilrådinga vart samrøystes vedteke.**

### **GLO-023/15 Vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa frå rådmannen om tiltak som er sett i gang for å gjere kommunen mindre sårbar i høve handtering av budsjett og rekneskap, til vitande.

---

## **024/15: Orientering om rekneskapsrevisjon for 2015**

### **Tilråding frå SEKOM-sekretariat:**

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Kontrollutvalet tek orienteringa frå Kommunerevisjonen i Nordfjord om rekneskapsrevisjonen for 2015 til vitande.

### **Handsaming i Gloppen kontrollutval 16.09.2015:**

Kommunerevisjonen i Nordfjord v/Haldor Sunde møtte i saka. Revisor leverte ut notat om Orientering om finansiell revisjon for rekneskapsåret 2015 datert 15.9.2015, og gjekk gjennom dette.

**Tilrådinga vart samrøystes vedteke.**

### **GLO-024/15 Vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa frå Kommunerevisjonen i Nordfjord om rekneskapsrevisjonen for 2015 til vitande.

---

## **025/15: Tinging av forvaltningsrevisjon: Samhandlingsreforma - erfaringar**

### **Tilråding frå SEKOM-sekretariat:**

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Gloppen kontrollutval tingar forvaltningsrevisjonsprosjekt, Samhandlingsreforma – erfaringar, frå Kommunerevisjonen i Nordfjord.

### **Handsaming i Gloppen kontrollutval 16.09.2015:**

Kommunerevisjonen i Nordfjord v/Haldor Sunde møtte i saka. SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme informerte i saka.

**Tilrådinga vart samrøystes vedteke.**

### **GLO-025/15 Vedtak:**

Gloppen kontrollutval tingar forvaltningsrevisjonsprosjekt, Samhandlingsreforma – erfaringar, frå Kommunerevisjonen i Nordfjord.

---

## 026/15: Tinging av eigarskapskontroll

### Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Kontrollutvalet tingar selskapskontroll i form av eigarskapskontroll frå Kommunerevisjonen i Nordfjord.

1. Har Gloppen kommune eigarskapsstrategi eller liknande som formulert dokument?
2. Har Gloppen kommune rutinar som fungerer med oppfølging av eigarskapen i tråd med vedteken strategi?

### Handsaming i Gloppen kontrollutval 16.09.2015:

#### Nytt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet er gjort kjent med at Gloppen kommune ikkje har noko formulert dokument for eigarskapsstrategi.

Kontrollutvalet oppmodar rådmannen om å få utarbeidd eigarskapsstrategi nedfelt i eit dokument.

#### **Det nye framlegget vart samrøystes vedteke.**

#### **GLO-026/15 Vedtak:**

Kontrollutvalet er gjort kjent med at Gloppen kommune ikkje har noko formulert dokument for eigarskapsstrategi.

Kontrollutvalet oppmodar rådmannen om å få utarbeidd eigarskapsstrategi nedfelt i eit dokument.

---

## 027/15: Reglement for høyringar i Gloppen kontrollutval

### Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

*(Saka går vidare til kommunestyret).*

Framlegg til reglement for høyringar i Gloppen kontrollutval datert 9.9.2015, vert vedteke.

### Handsaming i Gloppen kontrollutval 16.09.2015:

Brev datert 17.8.2015 frå Gloppen kommune ved rådmannen: Tilbakemelding på utkast til reglement for høyringar i kontrollutvalet, vart ettersendt til kontrollutvalet 11.9.2015.

#### **Tilrådinga vart samrøystes vedteke.**

#### **GLO-027/15 Vedtak:**

Framlegg til reglement for høyringar i Gloppen kontrollutval datert 9.9.2015, vert vedteke.

---

## 028/15: Budsjett for Gloppen kontrollutval 2016

### Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

*(Saka går vidare til kommunestyret).*

Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutvalet på teneste 11000:

Konto	Tekst	Budsjett 2016
10800	Godtgjersle til folkevalde	35 000
10990	Arbeidsgjevaravgift	5 000
11500	Opplæring/kurs	20 000
11600	Reiseutgifter	5 000
11950	Kontingent FKT	5 000
	<b>Samla drift kontrollutvalet</b>	<b>70 000</b>

### Handsaming i Gloppen kontrollutval 16.09.2015:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

### GLO-028/15 Vedtak:

Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutvalet på teneste 11000:

Konto	Tekst	Budsjett 2016
10800	Godtgjersle til folkevalde	35 000
10990	Arbeidsgjevaravgift	5 000
11500	Opplæring/kurs	20 000
11600	Reiseutgifter	5 000
11950	Kontingent FKT	5 000
	<b>Samla drift kontrollutvalet</b>	<b>70 000</b>

---

## 029/15: Oppfølgingsliste 4-2015

### Tilråding:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

### Handsaming i Gloppen kontrollutval 16.09.2015:

Tilrådinga vart samrøytes vedteke.

### GLO-029/15 Vedtak:

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

---

## **030/15: Eventuelt**

### **Tilråding:**

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

### **Handsaming i Gloppen kontrollutval 16.09.2015:**

Det vart ikkje teke opp saker under eventuelt.

### **GLO-030/15 Vedtak:**